# REGULERINGSPLAN FOR BUINSTØYL, GNR. 77, BNR. 3 I TOKKE.

## Reguleringsføresegner. (pbl.§ 26)

Reguleringsføremål. (pbl. § 25)
I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføremål:

- §25.1. Byggeområde.
- §25.2. Landbruksområde
- §25.6. Spesialområde.
- §25.7. Fellesområde.

Fellesføresegner.

a) Det regulerte området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
b) Det skal ikkje setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
c) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldande offentlege ordning.
d) Etter at planen er godkjent er det ikkje lov å etablere private avtalar i strid med planen.
e) Mynde til å gje unntak frå denne planen etter pbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

Byggjeområde

- Område for fridtidshytter.

a) Det regulerte byggjeområdet skal nyttast til oppføring av fritidshytter.
Normalt vil tomtene bli leigd bort som punktfeste, men dersom grunneigaren ønskjer det kan tomtene delast frå eigedomen, då med oppmålt areal ikkje større enn 1 da.
b) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming, materialval og farge.
c) Takvinkelen bør vere mellom 22° og 30°, og som tekkjemateriale bør nyttast torv, papp eller tre. ( Evt. metallplater)
d) Hyttene skal oppførast med ei mønehøgd ikkje høgare enn 5,40 m over grunnmur/pilar, og ha eit areal (BRA) på maks 120 $m^2$.
Grunnmur/pilarar skal normalt ikkje vere høgare enn 0,80 m. Det skal bare førast opp ein bygning på kvar tomt.
e) Det er ikkje lov å legge inn vatn i hyttene.
f) Det er ikkje sett av punkt for felles brønn eller vasspost i planen sjølv om dette er ei aktuell løysing. Vassforsyninga er elles tenkt løyst ved at det vert grave brønn for kvar einskild hytte, evt. ved å nytte Buinvatnet som vasskjelde.
Der det vert aktuelt med fellesløysing, kan dette skje ved graving eller boring av felles brønn i planområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar.
Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
g) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt. synkekum.

Landbruksområde

a) I dette område kan det drivast tradisjonelt skogbruk, men dette bør likevel gjerast på ein slik måte at området totalt sett ikkje vert vesentleg forringa som rekreasjonsområde.
b) Det skal ikkje førast opp hytter i dette området.

Spesialområde

- Friluftsområde på land

a) I dette området skal det ikkje førast opp bygningar med mindre det gagnar felles friluftsinteresser.
b) Det kan gravast straumkablar i området under føresetnad at terrenget så langt som mogleg vert sett i den stand det var før tiltaket.
c) Det kan gravast, evt. borast, felles brønn i dette området dersom dette er føremålstenleg.
Ved slik felles løysing kan det og gravast for framføring av leidning til vasspostar for hyttene.
d) All vegetasjon skal i hovudsak takast vare på, men mindre ryddetiltak kan gjennomførast etter avtale med grunneigaren.

- Friluftsområde i vatn.

a) Tiltak for å betre kvaliteten på evt. badeplassar kan gjennomførast med løyve frå grunneigar.

- Vegar i området.

a) Alle vegar i området er private vegar og vert bygde og halde vedlike som det.
b) I tillegg til dei vegane som er vist i planen kan det førast fram veg til dei einskilde hyttene etter avtale mellom grunneigar og leigetakar.

- Støylsvoll.

Den gamle støylsvollen skal i størst mogleg grad haldast vedlike slik han har vore.
Det skal ikkje førast opp nye bygningar på dette arealet med mindre det er naudsynt for drifta aveigedomen.

Fellesområde.

- Område for felles parkeringsplassar.

a) Der det ikkje vert veg fram til kvar einskild hytte er det sett av felles parkeringsplassar dimensjonert for 2 bilar pr. hytte.
b) Dersom den offentlege renovasjonsordninga vert endra slik at det vert aktuelt med felles avfallsbygg, så kan dette førast opp på ein av parkeringsplassane.

# TEGNFORKLARING

PBL § 25 REGULERINGSFORMÅL

BYGGEOMRÅDER
(PBL § 25 1.ledd nr.1)

Område for fritidsbebyggelse

Nye tomter, nummerert: 1 - 21

Tidlegare godkjente tomter, nummerert: 22, 23, 25, 27, 29

Landbruksområder
(PBL § 25 1.ledd nr.2)

Jord- og skogbruksområder

SPESIALOMRÅDER
(PBL § 25 1.ledd nr.6)

Friluftsomr. sjø/vassdrag

Friluftsområde på land

Støylsvoll

FELLESOMRÅDER
(PBL § 25 1.ledd nr.7)

Felles avkjørsel og parkering

STREKSYMBOLER MV.

Planens begrensning

Formålsgrense

Kartgrunnlag i M: 1:1 000
Plandata er digitalisert fra manuskart i M: 1: 1 000

Ekvidistanse {%EKVID%}
Kartmålestokk {%MSTK%}

Tokke kommune

**REGULERINGSPLAN FOR BUINSTØYL GNR. 77, BNR.3**

**TOKKE KOMMUNE**

Kartblad:

Kartprodusent:

| SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVA | SAKS-NR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| Revisjon | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Kommunestyrets vedtak:** | 04/037 | 15.06.2004 | |
| 3. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker | | | |
| 2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker | 04/046 | 28.04.2004 | |
| 1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker | 03/156 | 10.12.2003 | |
| Kunngjøring av oppstart av planarbeidet | | 09.05.2003 | |

| PLANEN UTARBEIDET AV: | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|---|
| Kåre Nesheim og Teknisk etat v/ Vegard Døli | | | Å.V. |